



## MANDAT FOR ARBEIDSGRUPPE

### NYE VOSS KOMMUNE,

### ORGANISERING AV TENESTER INNAN TEKNISK

Versjon 0.2

Dato 12.10.2017

Godkjend av administrativ styringsgruppe 8.9.17

Namn på arbeidsgruppa: Tekniske tenester i Nye Voss kommune  
1.1.2020.

#### Bakgrunn og overordna mål for prosjektet

Granvin herad og Voss kommune skal leggjast ned for saman å byggja Nye Voss kommune. Alle sider ved drifta skal vurderast.

Førebels fellesnemnd har slutta seg til styringsdokument og ein overordna prosjektplan for etablering av Nye Voss 1.1.2020. Prosjektplanen organiserer arbeidet i administrative arbeidsgrupper/ hovudgrupper med moglegheit for å dela vidare inn i undergrupper for utgreiing av spesifikke område/ problemstillingar. Tekniske tenester omfattar Bygg og eigedom, Drift; VA/anlegg og vedlikehald, Plan, oppmåling og byggjesak, Næring og landbruk samt Brannvern.

#### Overordna mål for arbeidet

- Sikra gode tenester til innbyggjarane
- Samordna fag- og tenestemråde
- Finna gode, innovative og effektive driftsformer
- Fokusera på gode digitale løysingar der dette er mogleg

#### Konkrete mål for arbeidet

- Skapa ein funksjonell organisering av tenestene gjennom involvering, dialog og opplæring
- Definerer effekt mål for nytt kommunalområde med plan for realisering av gevinstar
  - 
  - 
  -

#### Oppgåveskildring

- Kartlegging av dagens situasjon i begge kommunane:
  - Planverk



# Nye Voss 2020

- Gebyrpolitikk VA norm
- IT – utstyr, fagsystem
- Bemanning, kompetanse
- Eigedomar, bygningsmasse,
- Infrastruktur; veg, VA,
- Interkommunalt samarbeid , avtalar, prosjekt, kontraktar
- Innkjøpsavtalar, rammeavtalar, tenesteavtalar, samarbeidsavtalar (NB! Oppseiingstid)
- Status på organisering, bemanning, kompetanse og nivå på tenestene i kommunane
- Matrikkelen; nytt kommunenamn krev samordning og oppdatering, gjeld og alle koplingar til matrikkelen
- Lage framlegg til korleis tenestene innan tekniske tenester skal organiserast i nye Voss.
- Lokalisering av tenestene
- Få oversikt over alle rutinar og reglement i dei to kommunane som må koordinerast og vedtakast på nytt, eit kartleggingsdokument
- Utarbeida framlegg til nye felles rutinar og reglement der dette er naudsynt
- Utarbeida risikoanalyser og beredskapsplanar for ting som kan gå galt i overgangsfasen til ny kommune
- Prioritere omfang på prosess for dei ulike retningsliner mv. og vurdere kva som er viktigast å få på plass først,
- Utarbeida oversikter over kva som skal vedtakast av fellesnemnda og kva som kan vedtakast administrativt.
- Utarbeida milepælsplan for arbeidet
- 

## Organisering av arbeidsgruppa

- Prosjekteigar Administrativ styringsgruppe/Prosjektleder for nye Voss
- Styringsgruppe Felles leiargruppe for Granvin herad og Voss kommune
- Leder for arbeidsgruppa kommunalsjef i Voss kommune Torbjørg Austrud
- Arbeidsgruppe 1 representant frå Plan/byggjesak- Berit Marie Galaaen  
1 representant frå bygg og eigedom – Asbjørn Helleve  
1 representant frå drift (veg vatn avløp)- Jakob Håheim  
1 representant frå næring/landbruk - Anders Gjøstein  
1 representant frå IT – Torbjørn Titlrstad (evt ein annan frå IT).

Representant for tillitsvalde:

Karin Ware, Delta Granvin  
Muhamed Causevic, NITO Voss

Minst 2 av representantane skal vera frå Granvin herad  
Gruppa vel sjølv referent.

- Undergrupper Arbeidsgruppa opprettar undergrupper etter behov. Desse skal i hovudsak bestå av ein frå hovudgruppa komplettert med ny/nye.
- Døme på undergrupper:
  - Bygg eigedom – Kjell Stavenes, Asbjørn Helleve



# Nye Voss 2020

- Oppmåling/matrikkel Asbjørn Helleve, Jostein Minde, Svanhild Danielsen,
- Plan og byggjesak Berit Marie Galaaen, Katinka Killian, Kjersti Finne, Oddbjørg Vestrheim
- Brannvern David Skjerven, Egil Holven
- Næring/landbruk Anders Gjøstein, Tomas Sjøflot
- Drift Jakob Håheim, Bjarne Løne, (Arne Reime), Jostein Kolskår, (Asbjørn Helleve)
- Anna?

Kvar undergruppe skal kartleggja stoda og arbeidsgruppa skal på grunnlag av kartleggingane kome med framlegg til organisering, nye rutinar og reglar for sitt arbeidsfelt der dette er behov for. Det er eit poeng å bruke det som fungerer bra i Voss og byggje inn Granvin i dette.

Der kartlegging viser at ein kan oppnå gevinst gjennom konkrete endringstiltak, skal gevinstrealiseringa planleggjast ved at ein brukar KS si «gevinstkokebok» på kvart prosjekt.

Referat frå møta skal publiserast på intranettet til Nye Voss kommune. Tilsette kan koma med innspel under prosessen.

## Rammevilkår

Tidsramme: frå 1. august 2017 – til 31. desember 2019

### Hovudmilepælar

Start prosjekt	1.08.2017
Godkjend mandat	1.09.2017
Tidsplan for prosjektet /aktivitetsplan i prosjektet	1.11.2017
Kartleggingsdokument	1.09.2018
Overordna administrativ og politisk organisasjonsstruktur	1.08.2018
Framlegg framtidig organisering av tenesta	1.12.2018
Sluttrapport	1.12.2019

Kostnadsramme: Det er ikkje budsjettert med kostnader. Ressursinnsatsen er basert på at deltakarane i prosjektet får fristilt tid til å jobba med denne oppgåva. Eit viktig suksesskriterie er at alle som arbeider i prosjektet tek aktivt del.

Ressursbruk: Det vert ført timerekneskap for dette prosjektet. Omkostninga skal synleggjerast for fellesnemnda.



# Nye Voss 2020

## Oppfølging av arbeidet

### Rapportering:

Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene	1.01.2018
Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene	1.04.2018
Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene	1.10.2018
Utvida status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene	1.04.2019
Sluttrapport	1.12.2019

Avvik frå tidsplanar og faglege/administrative avgjerder som ligg utanfor prosjektet sitt ansvarsområde skal handsamast av prosjekteigar.

Dato: \_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_

Sign.: \_\_\_\_\_

Sign.: \_\_\_\_\_

Prosjekteigar

Prosjektleiar